

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 22.01.2021

Norlrv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Bedriftsintern opplæring 0,5 mill kr  
Marknadsinnsats og fellesinnsats, m.a. marknadsføring 1 mill kr  
Besøksforvaltning 0 kr»

### Avrøysting

Det var 15 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag til endring fekk 5 røyster (U, H, V), og fall.

### Vedtak

1. Hovudutval næring vedtek å setje av 3 mill. kr til nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar, som kjem i tillegg til dei 2 mill. kr som ligg i vedteke budsjett for 2021. Fylkesdirektøren legg seinare fram ei sak om konkret innretning på eit nærings- og utviklingsfond.
2. Hovudutval næring vedtek å setje av 5,5 mill. kr til tiltakspakke reiseliv for 2021, som kjem i tillegg til dei 2,8 mill. kr til reiselivsinnsats som ligg i vedteke budsjett for 2021. Dei samla midlane på 8,3 mill. kr vert disponert slik:

Innsats gjennom destinasjonsselskapa	6,5 mill. kr
Bedriftsintern opplæring	0,3 mill. kr
Styrka FoU-innsats	0,3 mill. kr
Besøksforvaltning	0,4 mill. kr
Marknadsinnsats og fellesinnsats, m.a. marknadsføring	0,8 mill. kr

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere avsette midlar til bedriftsinternt opplæring, styrka FoU-innsats, besøksforvaltning og marknadsinnsats/fellesinnsats gjennom m.a. marknadsføring.

Midlane til destinasjonsselskapa vert tildelt slik:

Destinasjon Voss	0,70 mill. kr
Visit Bergen	2,00 mill. kr
Visit Nordfjord	0,80 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,50 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,45 mil kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,85 mill. kr

3. Hovudutval næring vedtek å setje av 1,4 mill. kr til oppfølging av arbeidet med scenarioanalyse i 2021, m.a. regionale analyser i dialog med kommunar og regionråd og bransjeretta analyser i dialog med bransjeorganisasjonar og klynger. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane.
4. Den resterande 1 mill. kr vert sett av til seinare bruk. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til hovudutvalet med ei sak om tildeling av desse midlane.

5. Dei nemnde tildelingane vart dekka med disponible midlar frå overskotsdisponering 2019.